Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2026/1084-1
Saksbeh.: Halvor Homme
Dato: 13.10.2026

Saksframlegg

Felles infrastrukturprosjekt på Molandsmoen – gjennomføring og finansiering

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka

Fyresdal kommune og Telemark Nett AS samarbeider om oppgradering av infrastrukturen på Molandsmoen. Telemark Nett har behov for rask etablering av straumforsyning til første byggjetrinn ved datasenteret til EdgeConneX og til det planlagde datasenteret til Fossefall.

Kommunen har samstundes behov for nødvendig utskifting og forsterking av vass- og avløpsnettet i området. Dette er også viktig i samband med planane om nytt høgdebasseng og behovet for auka kapasitet og tryggleik i vassforsyninga.

Prosjektet omfattar om lag 950 meter hovudleidningar for vatn og avløp, nye kummar og om lag 500 meter kabelanlegg for Telemark Nett. I tillegg inngår istandsetjing av kommunale vegar, ny vegbelysning (ref. kommunestyrevedtak) og nytt kryss mot fylkesveg 3384.

Partane er einige om å dekkje 50 prosent kvar av arbeidskostnadene. Materiell kjem utanom denne fordelinga. Kommunen dekkjer materiell til eige vass- og avløpsanlegg, medan Telemark Nett dekkjer eigne kablar og tilhøyrande materiell.

Arbeidet er lyst ut med tilbodsfrist 28. oktober 2026. Planlagd oppstart er i slutten av november eller byrjinga av desember 2026, med ferdigstilling innan 1. juli 2027. Konkurransegrunnlaget tek atterhald om politisk godkjenning og finansiering.

Vurdering

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling.

Prosjektet er eit viktig samarbeid mellom kommunen og Telemark Nett. Ved å gjennomføre arbeida samla kan partane dele arbeidskostnader, samordne graving og redusere behovet for seinare inngrep i dei same vegane og traseane.

For kommunen er dette eit godt høve til å gjennomføre nødvendig fornying av vass- og avløpsnettet samstundes som området får straumforsyning til vidare næringsutvikling. Forsterkinga av leidningsnettet må også sjåast i samanheng med det planlagde høgdebassenget.

Behovet for rask framdrift har gjort det nødvendig å lyse ut arbeidet før endeleg kostnad og finansiering er avklart. Det er førebels ikkje utarbeidd ein samla kostnadskalkyle. Kommunen sitt finansieringsbehov må derfor konkretiserast gjennom eit kostnadsoverslag eller innkomne tilbod.

Investeringsramma må omfatte kommunen sin del av arbeidskostnadene, eige materiell, prosjektering, byggjeleiing og ein reserve for uføresette kostnader. Kostnadsfordelinga skal dokumenterast i ei skriftleg avtale med Telemark Nett, der også fordelinga av kostnader til veg, vegbelysning og nytt kryss vert avklart.

Konklusjon og tilråding

Kommunedirektøren vurderer prosjektet som viktig både for nødvendig fornying av kommunal infrastruktur og for vidare næringsutvikling på Molandsmoen. Samarbeidet gjev høve til ei samordna og økonomisk gunstig gjennomføring.

Innstilling frå kommunedirektøren

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av infrastrukturprosjektet på Molandsmoen i samarbeid med Telemark Nett AS.
2. Kommunestyret sluttar seg til ei fordeling der kommunen og Telemark Nett AS dekkjer 50 prosent kvar av arbeidskostnadene. Kvar part dekkjer materiell til eigne anlegg.
3. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr. 10.000.000,- for kommunen sin del av prosjektet. Investeringa vert finansiert med låneopptak og innarbeidd i investeringsbudsjettet og økonomiplanen.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtalar og gjennomføre prosjektet innanfor vedteken ramme. Dersom tilboda viser at ramma ikkje er tilstrekkeleg, skal saka leggjast fram for kommunestyret på nytt før kontrakt vert inngått.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk